

Dato: 2. mai 2022
Vedlegg: [272295529_761031331521552_6673353891480244715_n.png](#)
[274088714_910997389573834_6472170275922383596_n.png](#)

Vossavassdraget er stadig utsatt for flomsituasjoner. Den største i seinare tid var i 2014 der skadane utgjorde over ein halv milliard NKR.

Flomsituasjoner i vassdraget utgjør i tillegg risiko for liv og helse, samtidig som det utgjør fare for nasjonal infrastruktur som E 16 og Bergensbanen som begge går langs vassdraget.

Slik eg forstår vil ein nå sjå på muligheiter for å mjuka opp vern av vassdrag der desse utgjør flompotensiale med skadeomfang.

Her er forslag for å eliminera vekk flomproblematikk ved Vossavassdraget og samtidig som ein då produserer rein fornybar kraft på ein skånsom måte. Her er og muligheita å effektivisera allerede frå før regulert vasskraft integrert i eit evt flomsikkringsanlegg :

Vangsvatnet er eit stort magasin på 8 km², det største i Vossavassdraget. Det har størst høgdeforskjell mellom høgvasstand og lågvasstand som betyr stor lagringskapasitet og buffer. Ved å plassera flomdrenerande inntak her med tunnel sørover til Hardangerfjorden så kan ein starta tidleg og avslutta seint flomdrenering og ta tida til hjelp.

850 høgdemeter nærast rett over foreslått tunneltrase ligg eit av dei største regulerte magasinane på vestlandet, Torfinnsvatnet 900 moh. Her er muligheiter å betydeleg effektivisera dette med kortare og friksjonsfri overføringsline integrert i same anlegg og itillegg oppnå fall heilt ned til sjønivå, noko ein ikkje har idag. Sentralt kraftanlegg ved foreks Lussandberget der Hardangerfjorden er på det djupaste og breiaste, der forholda for vassutskifting er gode. 800 meter djup og fleire km brei fjord. Lussand ligg kort distanse frå kaianlegg ved Kvannadal.

Kan og med stordriftsfordeler kombinerast med ein link frå Lussand og opp til for eks Rastalia i Raundalselva. Då får ein bra fall på denne og det trengs pga Raundalselva veks seg raskt opp pga mangel på dempande magasin. Her har ein altså ein V- formasjon i forslaget som kombinerer avskjering av ei raskt voksende elv før buffermagasinet. Nivåjustering over tid av eit stort buffermagasin som og då gir muligheiter å betydeleg effektivisera vassfall frå eit allerede regulert magasin, (det siste er det vel brei politisk einigheit om også sentralt). Samla mot eit sentralt kraftanlegg nede ved sjønivå ved Lussand i Hardanger.

Ein flomdrenerande tunnel frå Lussand til Rastalia / Urdland ved Raundalselva vil ha eit fall på rundt 1 cm pr meter. Frå Rastalia / Urdland er muligheita å forlenga tunnelsystemet vidare oppover til Oppheimsvatnet ved Vossestrand. På den måten får ein og med Strandavassdraget, der og muligheita for å nytta Oppheimsvatnet som regulerande buffermagasin med muligheit her og å ligga på forskudd ved flomdreneringa. Vidare frå Oppheimsvatnet, ein tunnel til Myrkdalen mot ein foreslått dam ved Årnot, der ein drenerer nedslagsfelt frå Vikafjellet.

Desse to tunnelforslaga mot Strandavassdraget gir og jamnt fall på rundt 1 cm pr meter.

Fordel med fleire inntakta og ta inn Raundalselva i fleire lengde og høgde nivå er å dempa elva gradvis nedover samtidig som ein får med mye av nedslagsfeltet nedover denne elva som ofte i flomforløp veks seg raskt opp pga mangel på dempande magasin. Raundalselva drenerer store nedslagsfelt frå høgareliggande fjellområder med mye fall mot elva.

Alle dei foreslåtte anlegga ligg innafor Voss herad

Legg ved to stk kartskisser som beskriv meir oversiktleg desse ideforslaga.

Mvh

Bjørn Stalheim

Brynaflaten 7
5705 Voss